

**Fra:** kultur@hfk.no  
**Sendt:** 30.04.2014 13:06:15  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** Søknad om kunstnarstipend  
**Vedlegg:**

Sokjar: Tora Endestad Bjørkheim  
 Adresse: Brattlien 4  
 epost: toraendestad@gmail.com  
 Kunstgrein: Kunsthandverk  
 Foedselsaar: 1986  
 Skattekommune: Vågsøy  
 Orgnr\_eller\_personnr: 998 641 772  
 Postnr\_Stad: 5019 Bergen  
 CV: Sendt pr. e-post 30/4-14.  
 Eige\_verksemd: Vedvarande trekk kan oppsummerast slik:

Bak hierarkiske forhold, og som eit vilkår for deira sin eksistens, ligg vårt behov for å systematisere omgjevnadane, kvarandre og oss sjølv inn i lett forståelege og klart avgrensa kategoriar. Dette resulterer automatisk i ei vurdering av verdi; ved å kategorisere underbyggjer vi eksisterande verdisystem og er deltakande i å både vidareføre og etablere hierarkiske strukturar.

Motstanden mot slike verdisystem har resultert i arbeid der dikotomiar jamstillast og opptrer som likestilte. Dei eksisterer i ein gjensidig avhengnad der fråværet av det eine føreset fråværet av begge; til tross for å tilsynelatande vere i konflikt framstår motstridande kategoriar som eitt i ein ureduserbar heilskap.

Ein slik heilskap kan til dømes oppstå når teknikk og konsept framstår som umoglege – om ikkje meiningslause – å skilje. Det manuelle og repetative arbeidet er eit tilbakevendande aspekt der framgangsmåte jamstillast konsept og der desse opptrer som heilskaplege og uskiljelege. Arbeidet referer både ein framandgjerande masseproduksjon og ein handverksmessig tradisjon der aktiviteten i seg sjølv er eit rom for refleksjon. Ein kopling oppstår mellom motsetnader av ulik verdi: biletkunst og kunsthandverk, ufunksjonelle og funksjonelle objekt, femininitet og maskulinitet.

I staden for ein konklusjon er arbeidet ei 'tåkelegging'; det umiddelbare peikar mot eit større og meir komplekst system av hierarkiske forhold utan at desse vidareførast.

Planar\_for\_stipendet: Eit kunstnarstipend vil ha stor betydning for etableringa og utviklinga av eige virke; det bidrar både til å kunne utnytte eit slags momentum som har kome som eit resultat av eit fullført masterstudium og til vedvarande og grundig arbeid i ein avgjerande etableringsperiode.

Det å kunne fordjupe seg og jobbe konsentrert med arbeid som kjem ut i frå same kjerne, om enn på ulike måtar, er først og fremst eit uttrykk for ei personleg og vedvarande interesse for ein viss problematikk, men likevel viktig i samband med å utvikle heilskaplege arbeid som kan stå i samanheng i framtidige utstillingar.

Eit kunstnarstipend vil også kunne mogeleggjere realisering og ferdistilling i form av å lette utgiftene til material- og utstyrsinnkjøp for det kommande arbeidet.

Det vidare arbeidet kan i korte trekk forklarast slik:

Det pågåande arbeidet spring ut i frå 'Proposal' (sjå nettlénke) og det modernistiske rutenettet og tar utgangspunkt i det monokrome maleriet med fokus på dei tidlegare nemnde hierarkia mellom t.d. biletkunst og kunsthandverk, femininitet og maskulinitet, ufunksjonelle og funksjonelle objekt.

Det monokrome maleriet er eit potent materiale i denne samanheng; det står som det ultimate symbol på den kanoniserte mannlege biletkunstnaren, og i eit historisk perspektiv også som ei rak motsetning til det stereotypiske kunsthandverket. Denne rangsskilnaden reflekterer ikkje kunstnarleg kvalitet, men eksisterer likevel gjennom medbragte oppfatningar frå andre tider og er i dag eit implisitt medheng som ikkje reflekterer det faktiske innhaldet – verken i biletkunsten eller i kunsthandverket.

Det overordna formålet er som sådan ikkje ei stadfesting av slike eventuelle hierarki eller ei forenkling eller favorisering av verken kunsthandverket eller biletkunsten, men derimot ein kollisjon mellom framleis eksisterande stereotypiar som i stor grad førar med seg ein reduksjon av kva desse omgrepa famnar. Ei tåkelegging (i positiv forstand) betyr både ei problematisering av ein slik kategoribruk, men også ein motstand mot kategoriseringa sin implisitte og dermed

uunngåelege verdi- og kvalitetsrangering.

Langvarig konsentrasjon er eit underliggande premiss; presise og heilskaplege arbeid kjem ut i frå eit vedvarande og langsiktig fokus. Prosessen i seg sjølv er langsam sidan tidkrevjande teknikkar som oftast er både framgangsmåte og del av ein konseptuell overbygging. Det er i hovudsak gjennom arbeidet at arbeidet blir til; det handlar ikkje om gjennomføringa av eit førhandsgitt konsept, men om ein langsam og dialektisk prosess der handling/gjennomføring og idé utviklast til å bli eitt.

Gjennom prosessen har dette arbeidet nådd eit utgangspunkt for vidareutvikling - det vevde lerretet.

Til tross for at lerret i dag masseproduserast som metervare er det basert på ein handverktradisjon av langsomt og nøysommeleg arbeid ved vevstolen. Det er også, i kunstnarleg samanheng, gjerne det lite synlege underlaget for maleriet. Såleis er det vevde lerretet eit fruktbart materiale for vidare arbeid; det kan diskuterast i relasjon til tilsynelatande separate kunstformer samstundes som det har potensiale til å problematisere kjønnsroller og produksjonsmåtar.

Biletmateriale\_dok\_henvisningar: [www.torabjorkheim.com](http://www.torabjorkheim.com) (heimeside)  
[www.torabjorkheim.com/pages/proposal.html](http://www.torabjorkheim.com/pages/proposal.html) (direktelenke til 'proposal')

Andre\_opplysningar: